



Saksprotokoll

Organ: Fylkestinget

Møtedato: 09.12.2014

Sak nr.: 14/5242-20

Internt l.nr.: 39944/14

Sak: 46/14

Tittel: **Opplæringstilbudet for skuleåret 2015-2016**

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

- 1) Fylkesrådmannen får fullmakt til å sjå ressursar tilsvarande 1 gruppe (1,4 mill. kr) av den økonomiske ramma for opplæringstilbudet skuleåret 2015-2016 i samanheng med tilskot til lærebedrifter/oppretting av vg3 i skule.
- 2) Ombygging av areal ved Eid vidaregåande skule til studiespesialisering med formgjeving vert utsett i påvente av nytt vedtak om skule- og tilbodsstruktur.
- 3) International Baccalaureate (IB), i samarbeid mellom UWC RCN og Dale vidaregåande skule, blir lyst ut som prøveprosjekt over tre år. Prøveprosjektet blir lyst ut med 3 plassar. Den samla fylkeskommunale kostnaden blir 440 000 kr over tre år. Prøveprosjektet vert finansiert innanfor den økonomiske ramma for opplæringstilbudet.
- 4) Ordninga «Spissa idrettstilbod for potensielle toppidrettsutøvarar i vidaregåande opplæring» vert vidareført ved Sogndal, Hafstad og Stryn vidaregåande skular. Det blir teke inn søkjarar til vg1 skuleåret 2015-2016. Ordninga må finne si finansiering i samband med økonomiplanarbeidet.
- 5) I samsvar med skulebruksplanen har fylkeskommunen skuleåret 2014-2015 kjøpt plassar til vg2 reiseliv i andre fylke. For skuleåret 2015-2016 vert det lyst ut 0,5 gruppe i vg2 reiseliv ved Stryn vidaregåande skule. 0,360 mill.kr, tilsvarande gjesteelevutgifter til reiseliv skuleåret 2015-2016, vert omdisponert frå teneste 5202 Gjesteelevar til teneste 5200 Pedagogisk leing mv./teneste 5210 Utdanningsprogramma til delfinansiering av tilbudet. Tilbudet vert ut over dette finansiert innanfor den økonomiske ramma for opplæringstilbudet.